

Årsberetning for Stord kommune 2023

Årsberetninga er den formelle årsmeldinga etter kommunelova. Rapporten skal leggjast fram innan 31. mars og m.a. omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske situasjonen, vesentlege avvik, etikk og likestilling.

For 2023 viser rekneskapen eit underskot på 10,9 mill. kr. Dette utgjer 0,5 prosent av brutto driftsinntekter. Opphaveleg budsjett vart lagt fram med eit forventa underskot på 6,1 mill. kr. 2023 var eit år der både auka rentekostnader og eit stort lønnsoppgjer med påfølgande auke i pensjonskostnader prega resultatet. I tillegg har sjukefråvær og vakante stillinger skapt ein situasjon der bruk av overtid og innleige har skapt ein dyr måte å løysa bemanninga på. Rentekostnadane aleine dobla seg frå 52 mill. kr i 2022 til 104 mill. kr i 2023. Avdrag auka med 15 mill. kr. Når finanskostnadane auka med 67 mill. kr på eitt år, er det krevjande å omstilla verksemda like raskt. Resultatet vart disponert med overføring til investeringar med 0,6 mill. kr, netto avsetning til bundne fond med 9,7 mill. kr og netto bruk av disposisjonsfond med 21,2 mill. kr. Konsolidert netto driftsresultat for Stord kommune inkl. Stord hamn var 8,3 mill. kr i underskot mot eit overskot i 2022 på 4,8 mill. Netto bruk av konsolidert disposisjonsfond er 19,4 mill. kr. Konsolidert omsetning var 2 milliardar kroner.

Skatteinngangen vart 705 mill. kr og utgjorde 96 prosent av landsgjennomsnittet. I tillegg kjem inntektsutjamning knytt til skatt på 6,5 mill. som er ført mot rammetilskot. I 2022 var skatteinngangen 682 mill. kr og utgjorde 89 prosent av landsgjennomsnittet. Noko av forklaringa på endringa mot landsgjennomsnittet er at 2022 var prega av auke i utbytteskatt på landsbasis. Utbytteskatten er ein liten del av Stord kommune sine skatteinntekter. Høgt aktivitetsnivå i næringslivet og lav arbeidsløyse er hovudforklaringa på den gode skatteinngangen i 2023.

Andre generelle driftsinntekter har hatt ein auke på 27,5 mill. kr og er i hovudsak knytt til integreringstilskot. Havbruksfondet utgjorde 2,2 mill. kr mindre enn 2022. Stord kommune fekk tildelt ekstraordinære skjønsmidlar for styrking av frie driftsreservar på 2,5 mill. kr. Dette fekk ein ikkje for 2022.

Finansinntektene til kommunen er knytte til verdiendring på aksjar og obligasjoner, utbytte og renteinntekter på bankinnskot. Alle desse postane enda med høgare inntekt for 2023 enn forventa, og utgjorde til saman 48 mill. kr i 2023, tilsvarande sum var 14 mill. kr i 2022.

Samla meirforbruk i einingane i 2023 utgjorde 21,4 mill. kr, fordelt etter tenesteområde: formannskap og driftsutval mindreforbruk 6,5 mill., utval for byutvikling meirforbruk 10,8 mill., utval for oppvekst og kultur mindreforbruk 5,2 mill. og utval for rehabilitering, helse og omsorg meirforbruk 22,4 mill.

For formannskapet og driftsutvalet utgjorde dei største postane i mindreforbruket mindre straumforbruk sentral budsjettpost, vakante stillinger i periodar og mindreforbruk knytt til konsulentbruk kommuneplanen.

I tenesteområdet for byutvikling er det negative avviket knytt til mindre inntekter på sjølvkostområdet vatn og avløp. 2023 var første driftsåret etter ny lokal gebyrforskrift. I samband med dette fekk ein avvik mellom berekna og faktiske inntekter knytt til kombinasjonseigedommar. Meirforbruket i sjølvkostområdet vert dekka av bundne fond. Tenesteområdet regulering, byggensak og oppmåling hadde eit mindreforbruk i 2023. Eininga er delt inn i både sjølvkost og ikkje sjølvkost. Mindreforbruket var 1,2 mill. i sjølvkostområdet og meirforbruk 0,7 mill. i andre tenester. Mindreforbruk i sjølvkostområdet blir avsett til bundne fond.

Utval for oppvekst og kultur har eit samla mindreforbruk på 5,2 mill. kr. Det største mindreforbruket finn ein i eining for førebyggjande tenester på 2,5 mill. kr. Eininga fekk meirinntekter frå formålsretta prosjekt på nær 2 mill. kr. For vaksenopplæringa er mindreforbruket på 1,9 mill. kr som er knytt til større aktivitet og inntekter knytt til stor straum av flyktningar til Noreg. Barnehagane hadde eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr og skulane eit meirforbruk på 1,6 mill. kr. Både skule og barnehagesektoren opplever også utfordringa med høgt sjukefråvær og mindre tilgang på vikarar enn tidlegare. Dette skapar press på overtidsbruk.

Dei største utfordringane i drifta av kommunen finn me i tenesteområdet rehabilitering, helse og omsorg (RHO) som hadde eit meirforbruk på 22,4 mill. kr i 2023. Dei største avvika er knytt til mangel på folk ved mange ledige stillingar og stort sjukefråvær. Det er spesielt områda institusjon, heimebaserte tenester og tenester til psykisk utviklingshemma som har hatt dei største meirforbruka. Hol i turnus må dekkast av overtid eller innleigde vikarar, og kostnaden for dette blir dobbel så høg som han ville vore med ordinært lønna tilsette. Stord sjukeheim opna i 2023 ni nye plassar. Sju av desse vart vedtekne i kommunestyret 16. februar 2023 og var ikkje med i det opphavelege budsjettet. Opninga av desse plassane gav ingen reduksjon av kostnader i andre delar av RHO sitt budsjettområde.

Den største delen av investeringane som var gjort i 2023 var knytt til investeringar i sjølvkostområdet vatn og avlaup med over 88 mill. I tillegg vart Nysæter ungdomsskule gjort ferdig i 2023 for 22,2 mill. Samla investeringskostnad for Nysæter ungdomsskule er med dette om lag 395 mill. kr. I 2023 gjorde kommunestyret også vedtak om kjøp av fleire kommunale bustader, og totale investeringar i eigedom vart 14 mill. kr.

Stord hamn har hatt eit godt år også i 2023. Netto driftsresultat var på kr 2,5 mill. kr som er 2 mill. betre enn forventa og 2,3 mill. kr under resultatet for 2022. Årsaka til at resultatet var betre enn forventa skuldast høgare inntekter enn forventa. Netto driftsresultat var disponert med 0,7 mill. til overføring til investeringar og 1,8 mill. til disposisjonsfond. Stord hamn fekk i 2023 4,8 mill. kr for sal av areal til Ren AS, Eldøyane. Dette utgjorde ei inntekt i investeringsrekneskapen. Midlane vart brukte til nedbetaling av gjeld. Investeringar utførte i 2023 var i hovudsak knytte til administrasjonslokalet som vart utrusta for utleige til andre. Det er også gjort nokre investeringar knytte til utviding av ISPS-terminal Eldøyane.

Tilsette

Utvikling i årsverk og tal tilsette:

Tekst	2023	2022	2021	2020
Årsverk	1291	1254	1228	1177
Tilsette	1561	1586	1564	1502

Stord kommune hadde ved utgangen av året 1291 årsverk fordelt på totalt 1561 tilsette. Det har vore ein auke på 37 årsverk, samtidig som det har vore ein reduksjon av tilsette. Det kan tyda på at det gjennom året har vore ei positiv utvikling i auka storleik på stillingar mot heiltid.

Den største auken i 2023 finn me innafor oppvekst. Dette skuldast blant anna at elevar i 2.klasse fekk tilbod om gratis SFO frå hausten 2023, noko som førte til eit behov for flere tilsette.

Statistikken i årsberetninga 2023 er henta frå KS si innsamling av lønns- og personalopplysninga til det nasjonale PAI-registeret. PAI står for personaladministrativt informasjonssystem, og baserer seg på rapportering frå alle landets kommunar. I tillegg er rapportar frå lønns-systemet nytta.

Sjukefråvær

Stord kommune har som mål å leggja til rette for helsefremjande arbeidsplassar der tilsette trivst, er inkluderte og opplever ein meiningsfull arbeidskvardag. Kommunen har i fleire år hatt målsetting om eit sjukefråvær lågare enn 7,50 prosent. Kommunen sitt totale sjukefråvær i 2023 var 10,3 prosent.

Sjukefråværet i kommunen fordele seg i 2023 med 3,21 prosent fråvær under 16 dagar og 7,10 prosent samanhengande fråvær over 16 dagar. Av kortidsfråværet er 1,74 prosent eigenmeldt og resten legemeldt.

Sjukefråværet i 2023 har nokre toppar. Det er høgast i perioden januar-mars. Dei siste månadane i 2023 fekk me på ny ein større auke i sjukefråværet. Det høge fråværet i starten av året set preg på prosenten gjennom året. Om me ser vekk frå toppane har 2023 hatt lengre periodar med en særslig positiv utvikling på sjukefråværet med eit auka nærvær.

Det har hausten 2023 vore arbeidd aktivt med å auka nærværet. Dette har blitt gjort gjennom systematisk opplæring av leiatar, verneombod og tillitsvalde i dei einingane som har høgast fråvær. Arbeidet fortset inn i 2024.

Legemeldt sjukefråvær i kommunesektoren første kvartal var 8,6 prosent. Samanlikna med Stord kommune var tilsvarande tal 10,5 prosent. Tal for andre kvartal 7,7 prosent og Stord 9,4 prosent. Tredje kvartal er det legemelde fråværet i kommunesektoren 6,3 prosent mot Stord kommune sine 6,1 prosent. I fjerde kvartal har Stord kommune 8,5 prosent legemeldt sjukefråvær og kommunesektoren 8,3 prosent.

Sjukefråværet i kommunal sektor i Noreg er i SSB sin statistikk fordelt mellom administrasjon, undervisning og helse- og sosialtenester, og er førebels klar for 4. kvartal 2020-4.kvartal 2023.

Næring	2023 K1		2023 K2		2023 K3		2023 K4	
	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord	Noreg	Stord
84 Offentleg administrasjon	7,0	5,39	5,9	6,20	5,2	6,27	7,0	7,34
85 Undervisning	9,1	10,03	7,3	8,43	5,1	4,76	8,7	8,82
86-88 Helse- og sosialtenester	11,8	16,6	10,3	14,26	8,7	10,12	11,8	13,48

Likestilling og lønn

Av dei totalt 1561 tilsette i kommunen er 1248 kvinner (80 prosent) og 313 menn (20 prosent). I oppvekst er det 393 kvinner (80 prosent) og 112 menn (20 prosent). I RHO-einingane er det 659 kvinner (88 prosent) og 91 menn (12 prosent). Innan teknisk sektor er det 57 kvinner (38 prosent) og 88 menn (62 prosent). Innan administrasjon, inkludert kommunedirektøren si leiargruppe, er fordelinga 40 kvinner (71 prosent) og 15

menn (29 prosent). Fordelinga mellom kvinner og menn er omlag uendra frå siste år innafor alle område.

Tilsette i kommunesektoren i Noreg viser at årsverkfordelinga mellom kvinner og menn er fordelt med 75 prosent kvinner og 25 prosent menn.

Stord kommune har ein vedteken arbeidsgjevarstrategi. Hovudområda er kompetent leiing, helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø og rett kompetanse. Innafor denne strategien er arbeid med likestilling eit viktig område. Me arbeider for å medverka til likskap mellom kvinner og menn når det gjeld utdanning, arbeid, lønn og personleg, fagleg utvikling. Eit viktig område er heiltidskultur. Det handlar om å tilby fulle stillingar til dei som ønskjer det. Me har dei fleste deltidsstillingane innafor rehabilitering, helse og omsorg. Dette er og sektoren som har høgast tal kvinner. Gjennom 2023 har om lag alle stillingar med krav om høgskuleutdanning blitt lyste ut som fulle stillingar.

St.kode	Lønns-samanlikning Stillingsgruppe	2023		2022		2021		Landssnitt 2023	
		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
9440 9430	Kommunedirektoren & elogruppe	1 107 500	1 450 000	1 040 600	1 193 700	970 650	1 150 500	1 180 752	1 187 346
9451 9951	Einingseiar	834 000	870 000	799 100	810 700	750 204	771 067	881 647	875 700
8451 8452	Avdelingsleiar, fagleiar	700 200	744 000	663 900	690 700	637 029	649 836	761 616	750 014
7451 7458									
7954									
7960 7961	Undervisningspersonale	632 300	632 200	595 300	591 800	576 844	576 552	604 256	608 800
7962 7963									
7965 7966									
7174	Sjukepleiar	566 700	561 800	539 300	522 700	526 561	513 075	572 436	576 204
7523	Spesialsjukepleiar	631 900	663 900	596 200	630 900	579 892	614 100	625 188	629 484
6508 6517	Sosionom/vernepleiar/ barnevernsedagog/ eroterapeut/ fysioterapeut	568 600	560 400	545 800	546 600	529 980	545 100	564 000	564 139
6455 7534									
7066									
7517 6986	Fagarbeidar / Helsefagarbeidar	480 600	516 600	469 100	493 100	457 387	478 980	485 405	490 044
7076									
7718 7719	Fagarbeidar med tilleggsutdanning	529 700	525 700	494 700	494 300	484 350	484 175	509 586	518 868

I oversikta over lønn i dei største tilsettgruppene i Stord kommune, er det mindre forskellar mellom kvinner og menn. I gruppa undervisningspersonale ser me at lønna er lik for kvinner og menn. Det er også liten skilnad i gruppa med ergoterapeut/fysioterapeut /sosionom/vernepleiar /barnevernpedagog. Blant fagarbeidarar ser me at menn har noko høgare løn, mens blandt sjukepleiarar er det kvinner som har høgast lønn. I leiargruppene ser me at menn har høgare lønn. Dersom me samanliknar Stord med landssnittet ser me i leiargruppene einingsleiar, avdelingsleiar/fagleiar at kvinner i Stord har lågare lønn enn landet, mens menn er om lag på landssnittet. I Stord har me flest menn og leiarar som er menn innafor dei tekniske einingane. Det er ein sektor som tradisjonelt har høgare lønn og der konkurransen om arbeidskraft er stor opp mot privat næringsliv.

Samanliknar me landssnittet, har Stord kommune høgare snittløn innafor dei store tilsettgruppene, både for menn og kvinner. Innafor leiarnivåa ligg Stord lågare for både kvinner og menn enn landsgjennomsnittet. Det med unnatak av menn på det øvste leiarnivået

Etikk

Dei etiske retningslinene for Stord kommune har som føremål å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til

administrasjonen og politikken i kommunen. Retningslinene gjeld alle folkevalde og tilsette i Stord kommune. Retningslinene seier noko om korleis tilsette og politikarar skal forstå og etterleva viktige verdiar og omgrep som lojalitet, informasjon, mynde, interessekonflikt og åtferd m.m.

Stord kommune sin kultur- og verdiplakat er retningsgjevande og medverkar til å bygga sams identitet og omdøme. Han skal binda saman sektorar og fagområde under same paraply og skapa ein felles organisasjonskultur for samarbeid og utvikling. Kultur- og verdiplakaten er vedteken i kommunestyret etter ein brei politisk prosess i komiteane. Plakaten skal henga på veggen i møteroma og på leiarkontora. Kultur- og verdiplakaten skal danna grunnlaget for organisasjonskulturen og vert m.a. nytta i personalmøte og rekrutteringa.

Verdiane open, nyskapande, respektfull og brukarorientert skal for alle tilsette og politikarar kome til utrykk i samarbeid og haldninga ein har i tenesteytinga og samhandlinga internt og eksternt.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Arbeidsmiljøutvalet har i 2023 hatt seks møte og blitt leia av hovudtillitsvalt for Fagforbundet. Utvalet handsamar ulike saker og drøftar problemstillingar som er viktige for tilsette i kommunen. Det er og fast orientering i møta frå hovudverneombodet og HMT-leiar.

Arbeidsmiljøutvalet har fem underutval som vert kalla HMT-lag. Disse handsamar HMT-aktivitetar innafor eige område. HMT-leiar og hovudverneombod deltek i alle disse HMT-laga saman med leiarane i dei ulike sektorane.

Eit godt HMT-arbeid har grunnlag i godt samarbeid mellom tilsette og leiing. Det overordna HMT-systemet til kommunen legg føringar for einingane sitt arbeid, og miljø- og HMT-leiinga vert sett i samanheng. Det vil seia at arbeidet med einingane sin påverknad på ytre miljø er blitt ein del av HMT-arbeidet. Kommunen jobbar for ei aktiv HMT-leiing med klart definerte målsettingar og operativt system for førebygging og oppfølging av HMT-aktivitetar. Med aktiv HMT-leiing legg ein til rette for at alle einingane i kommunen jobbar med forbetring innan helse, miljø og tryggleik.

Attendemeldingar frå dei tilsette er ein viktig del av forbettingsarbeidet vårt, og me ønskjer at tilsette opplever det nyttig å melda frå. Kommunen har system for handtering av avvik, ikkje-ønska hendingar og forbettingsforslag (AUF-meldingar). Målet er at alle einingar skal ha levert ei AUF-melding per årsverk. Det vil seia at kommunen, som har nesten 1300 årsverk, har hatt ei målsetting om totalt 1300 AUF-meldingar i 2023. I 2023 vart det meld totalt 1010 AUF-meldingar. Av dette er 18 forbettingsforslag.

Kommunen har avtale om bedriftshelsetenester frå Falck AS. Bedriftshelsetenesta vert nytta til individuelle kartleggingar, kurs på eining- og avdelingsnivå, lovpålagte helsekontrollar, rådgjeving med meir.

Arbeidet med miljøsertifisering av Stord kommune sine einingar går framover. I 2023 blei fem skular sertifiserte. Frå tidlegare er rådhuset, IT-avdelinga, Stord kommunale eigedom, eining for aktivitet og rehabilitering, eining for kultur, fem kommunale barnehagar, Stord folkebibliotek og Stord kulturskule miljøsertifiserte. Kommunen skal aktivt arbeida for å fremja miljøvenlege tiltak med mål om lågast mogleg påverknad på ytre miljø gjennom eit langsiktig arbeid der alle tenestemål i kommunen deltek. Stord kommune vil på denne måten bidra til å vera rusta for det grøne skiftet, og brukarar av tenestene til kommunen vil etter kvart ta del i det viktige arbeidet. I budsjett for 2024 vart det vedteke å tre ut av Miljøfyrtaårn-ordninga. Grunna oppsætingstid vil det likevel bli arbeidd med Miljøfyrtaårn framover.

Miljøfyrtårn er Noregs mest nytta miljøsertifiseringsordning, og i slutten av 2017 vart ordninga som den første nasjonale ordninga anerkjent av EU-kommisjonen. Dette er eit prov på at ordninga held høg standard og kvalitet på linje med dei internasjonale sertifiseringane EMAS og ISO14001.

Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov. Internkontroll skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Internkontrollen skal:

- Skildra administrasjonen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- Ha naudsynte prosedyrar
- Avdekka og følga opp avvik og risiko for avvik
- Dokumentera internkontrollen i den forma og det omfanget som er naudsynt
- Evaluera og forbetra prosedyrar og tiltak for internkontroll

Standarden for oppgåvene/tenesteytinga er skildra i prosedyrar som vert reviderte årleg. Dersom oppgåvene/tenesteytinga ikkje vert levert i samsvar med prosedyrane, dannar det grunnlag for å melda avvik. Avviksmeldingar vert handsama elektronisk.

Avviksmeldingar har til føremål å bringa avvik til opphøyr, få normaltilstanden på plass att og hindra gjentaking. Avvik kan også gje viktige statistiske data over på kva område organisasjonen har forbettingspotensiale. Dersom det vert avdekka kritiske område i forvaltninga, er det lagt til rette for å køyra elektroniske risiko- og sårbarheitsanalysar. Analysane skal resultera i konkrete handlingsplanar med tiltaksliste.

Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisera suksessfaktorane for å lukkast på ulike arbeidsområde i organisasjonen.

Stord, 21. mars 2024


Tommy Johansen
Kommunedirektør


Marianne Heggholmen Aarbø
Økonomisjef